

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** torsdag 12. desember 2019 15:37  
**Til:** Arnhild Kannelønning  
**Kopi:** Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge  
**Emne:** SV: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019  
**Vedlegg:** Årsmelding for Måltrastena 2018.pdf; Rekneskap 2018 underskrive.jpeg; Finansieringsplan tilstandsvurdering versjon 12.12..19.xlsx

Hei!

Ut frå vedlegga oppfattar eg at det er to tildelingar det er vert kravd rapport om.

### **1. Kr 7.500 til Meland Mållag/Måltrastena**

Under kapitlet «Tilskot til song og musikk» har Meland Mållag ved si undergruppe kammerkoret Måltrastena fått eit tilskot på kr 7.500 i driftsmidlar. Eg legg ved årsmelding og rekneskap for 2018. Av aktivitetar koret har hatt i år, kan nemnast:

- 31. mars ein større konsert med fullt hus i Nordgardsløa i lag med andre lokale aktørar og innleigde musikarar
- Konsert med noko av det same programmet i Knarvik senter – kort tid etterpå
- Stor konsert 13. oktober med songar til tekst av Aasmund Olavson Vinje i Storsalen på folkehøgskulen på Frekhaug, med Aasmund Nordstoga og band
- Adventstreff/bygdekveld i Norgardsløa 1. desember
- To seminar

Trass i godt oppmøte på Nordstoga-konserten vart det eit mindre underskot, ca. kr 13.000. Koret vert elles i hovudsak finansiert ved kontingent frå medlemene og litt inntekter på oppdrag. For 2019 ligg det enno ikkje føre nokon rekneskap. Det ser ut til å bli eit normalt driftsår med unntak av utgifter og inntekter knytte til Nordstoga-konserten. Så vidt eg kan sjå, er desse midlane innbetalte til laget.

### **2. Kr 20.000 til tilstandsvurdering av Elias Mjåtveit-huset, omsøkt for Meland Mållag av Haakon Aase**

Den løyvinga, under kapitlet «Tilskot til kulturminnevern» galdt gjennomføring av ei utførleg tilstandsvurdering av Elias Mjåtveit-huset på Mjåtveit (sjå søknad). Her vart det fyrst gjennomført ei førebels vurdering som er slutført. Sidan har firmaet Utmark Arkitektur AS i samarbeid med Gamle 3Hus AS i Bergen gjort eit heller omfattande arbeid med oppmåling og dokumentasjon, det er laga oppmålingskisser og plan- og fasadeteikningar og det er gjort ferdig ein utfyllande rapport med tilstandsvurdering og framlegg til tiltaksplan. Eg fekk den 9. desember melding frå arkitekt Helge Samuelsen i Utmark Arkitektur AS at det står litt arbeid att når det gjeld kostnadsvurderingar. Det er inne i bestillinga at dei skal laga eit fullstendig kostnadsoverslag. Dei har innhenta prisar på det meste, men dei prisane som står att, reknar dei med å ha klare i inneverande veke.

Vi har såleis ikkje fått ein slutfaktura frå Utmark Arkitektur/Gamle 3Hus enno, men vi har til no betalt ut nærmare kr 60.000. Eg kan få den eksakte summen frå kasserar, viss ynskeleg. Slutfaktura er elles venta før jul samstundes med at den fullstendige rapporten vert levert. Merk: det er også lagt ut noko til den førebelse tilstandsvurderinga.

Kostnaden ved den fullstendige tilstandsvurderinga vart pårekna til kr 76 562,- inklusiv mva. Eg viser til vedlagt oppstilling av finansieringsplanen.

Beste helsing  
Haakon Aase  
Leiar i Meland Mållag

---

**Fra:** Arnhild Kannelønning <[arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)>

**Sendt:** onsdag 11. desember 2019 15:11

**Emne:** PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019

**Viktighet:** Høy

Hei,

Viser til tidlegare tilsendt skriv *Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019* (vedlagt): Oppgjeven frist for rapportering gjeldande tilskot til forsamlingshus, kulturminnevern og leikeplassar var 15. november 2019. Me kan ikkje sjå å ha motteke rapportering frå dykk. Jmf. pkt. 1 h i *Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune* (vedlagt), vil tilskot vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, dei generelle vilkåra er brotne eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

Me ber dykk senda inn **rapportering snarast og innan onsdag 18.12.2019**, slik at me kan få handsama og ferdigstillta alle sakene før årsskiftet 2019/2020. På førehand takk for hjelpa!

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928

E-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
- Eit samfunn for alle -